



DS AFRIKA, bygd i 1920, hørde til Atlas Rederi AG.

**Det er 80 år sidan krigshendingane i Herøysundet og Uskedalen 18. - 20 april 1940. Marinefenrik, seinare Noregs fyrste MTB sjef, Øyvind Schau på torpedobåten STEGG skriv dagbok. Dagboka fortel om tida då STEGG vert fordelt til Hardanger sjøforsvarsavsnitt med kaptein Ulstrup som sjef. Frå 15. april er STEGG underlagt komandosentalen med base i Uskedalen, med kaptein Hauge som leiar.**

Det som er nytt for mange, er då STEGG var med på bording av det tyske lasteskipet DS AFRIKA i Langenuen 17. april, tok det i arrest, ført til Odda og seinare Ulvik, der skipet vart senka 25. april. Reisa gjekk på innsida av Skorpo med stopp i Uskedalen. Mange minnest det norske lasteskipet TINDEFJELL som låg ved Eikelandet. Ingen, Uskedalen.no har snakka med, hugsar DS AFRIKA på seglas gjennom Storsund.

Schau skriv i dagboka: *Det er med blandede følelser jeg mottar ordren om å gå på innsiden av Skorpen. Utenfor Uskedalen gjør vi stopp. Med full fart akterover tar det fleire minutter å få stoppet et så pass stort skip da vi blir liggende 90 gr. av kursen. Sjefen på STEGG kommer ombord og tar med seg AFRIKAS skipspapirer. Ekskortereringen blir nå overtatt av motortorpedobåten SÆL da STEGG får nye oppdrag.*



Skipet hadde også namnet FRIK då tyskarane prøvde å dekke til skipets identitet ved å måla over bokstaven A framme og bak i namnet. Fenrik Schau skriv i dagboka at AFRIKA på 10 000 tonn, med eit mannskap på 40 mann var på reise frå Narvik til Tyskland med malmlast. AFRIKA førte hollandsk flagg med nøytralitetsmerke på skipssida, for å dekke til sitt tyske opphav. Ordren var på senka skipet ved Huglahammaren, men det vart bording og arrest. Mannskapet på STEGG hadde nokre dagar før gjort det same med skipet CLAIRE HUGO STINNES.

AFRIKA hadde ikkje los, Øyvind Schau er ein av fleire frå STEGG som går om bord og tek skipet inn Hardangerfjorden til Odda for avlevering til kaptein Mellbye, som er stasjonert der med mannskapet på SPERM. Reisa går vidare til Ulvik og med fare for at tyskarane, som då var landsett i Granvin, skulle ta skipet tilbake, vart AFRIKA senka. Vraket er merka på sjøkartet og er i dag eit dykkarmål.

Skipsdagboka til Schau fortel vidare med krigshendingane i ytre Hardangerfjord og seinare om flukt til Shetland og England for å gå inn i dei norske styrkane. Flaggkommandør Øyvind Schau døyde i 2005.

Tekst/nett: Kristian Bringedal

Foto: Arkivfoto

Kjelde: Artikkel skriven av Marcus Osen i magasinet Maritim historie 03/2019.